



Arkivnr: 2016/9439-29

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Selskapskontroll av Hordaland Teater LL

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i møte 13.06.2017 i samband med handsaming av selskapskontroll av Hordaland Teater LL:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Sikre etterleving av vedtak og retningslinjer for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.
2. Tydeleggjere korleis eigarføringer skal bli vidareformidla og følgt opp overfor selskapa.
3. Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.
4. Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønsker.
2. Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.
3. Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.

4. *Gjennomgå behovet for overordna rutinar (baseret mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:*
 - Økonomi
 - offentlege anskaffingar
 - personalområde
 - handsaming av avvik
5. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Kontrollutvalet handsama handlingsplan i tråd med punkt 5 i vedtaka over i møte 30.10.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Fylkesrådmannen** har sett i gang i høve selskapskontroll av Hordaland teater LL.*
2. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen å komme med ny skriftleg oppdatert status på forbettingsarbeidet i høve punkt 1, 2 og 3 innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av dei tre forbettingspunktene.*
3. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret/dagleg leiar har sett i gang i høve selskapskontroll av **Hordaland teater LL**.*
4. *Kontrollutvalet anmoder om å få ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbettingspunktene.*

Kontrollutvalet handsama status på oppfølging av denne selskapskontrollen i tråd med vedtaka over i møte 29.10.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

- A1. *Kontrollutvalet ser positivt på at **Fylkesrådmannen** har sett i gang meir forbettingsarbeid i høve selskapskontroll av Hordaland teater LL*
- A2. *Kontrollutvalet ber om ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 29.10.2018. I denne tilbakemeldinga vert det også bede om å få tilsendt skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbettingspunktene 1, 2 og 3 slik det også vart bede om i samband med handsaming av oppfølging av denne saka i møte 30.10.2017.*
- B1. *Kontrollutvalet ser positivt på at styret/dagleg leiar i **Hordaland Teater LL** i hovudsak er ferdig med å gjennomføre forbettingsarbeid etter den gjennomførte selskapskontrollen i selskapet.*
- B2. *På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg nøgde med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønskje lukke til med det vidare forbettingsarbeidet.*

Drøfting:

Vi har på bakgrunn av vedtak A2 over motteke tilbakemelding frå fylkesrådmannen dagsett 29.10.2018. Tilbakemeldinga ligg ved.

Sekretariatet har merka seg at **fylkesrådmannen** no har fått gjennomført alle forbettingstiltaka i samband med selskapskontroll av Hordaland Teater LL. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vera nøgd med det arbeidet som er gjort og seier seg ferdig med saka

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå **fylkesrådmannen** når det gjeld selskapskontroll av Hordaland Teater LL.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld selskapskontroll av Hordaland Teater LL og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Oppfølging selskapskontroll Hordaland Teater LL
- 2 Oversyn generalforsamlingar 2018
- 3 JP 2014 14843 dok 28